

ALTservice ordnar det meste!

10.04.2015



ALTservice hjelper med ulike oppdrag.

Like før påske vart elevbedrifta ALTservice etablert. Utgangspunktet er eit undervisningsprosjekt ved Uskedalen skule, og etter ein god start håpar no dei 4 i bedriften at dei skal få flust med oppdrag utover våren og sommaren. ALTservice reklamerer på nettsida si med at dei tar på seg oppdrag som mange hatar. Det kan vera bilvask, plenklipping, anna hagearbeid og mykje meir.

Uskedalen.no møtte dei 4 til ein samtal i føremiddag, og dei viste stort engasjement og ungdommeleg iver då dei fortalte om bedriften og arbeidet med den. Dei 4 er Viljar S. Tveit(dagleg leiar), Kristian K. Hansen(økonomisjef), Martin H. Arnesen(marknadssjef) og Sander Simensen(nettsjef).

Dagleg leiar Viljar S. Tveit kunne fortelja at dei arbeidde 4 timer kvar veke med bedriften i skuletida, og at inntektene som dei får i skuleregí skal brukast til klassetur til Bergen, og til buss når dei skal delta på Tine-stafetten i mai. Denne stafetten vann dei i fjor.

- Vi må gjera det slik for skulen har dåleg råd, seier Viljar før han held fram: - Drifta av bedriften vert to-delt, for vi kjem også til å drive utanom skuletid og utover i sommarferien. Inntektene frå dette vil gå til innkjøp av nødvendig utstyr og lønn.

- Kva oppdrag har de hatt til no, spør vi.

- Vi har vaska bilar og gjort hagearbeid, fortel marknassjef Arnesen, og no er vi på vei til ein kunde for å rydda plen og hage. Der skal vi også fjerna mose frå hageheller. Litt seinare håpar eg vi får ein del oppdrag med plenklipping og. Han legg elles til at dei også tar andre oppdrag og nemner barnepass og tur med hunden som døme.

Nettsjefen Sander Simensen har tydelegvis gjort ein strålande jobb. Bedriften har eiga [nettside der dei fortel om drifta til bedriften](#). Når vi ønskjer å kontakta dei kan vi enten bruka epost altservice5463@hotmail.com eller mobil 936 73 451. Det er å håpa at mange kontaktar dei med tanke oppdrag, for denne gjengen osar av arbeidslyst.

Økonomisjef Kristian K. Hansen var opptatt med andre gjeremål under intervjuet.

Etter den koselege samtalens, takkar dei høfleg for praten før dei hastar av garde til eit oppdrag som skal gjerast til fast, avtala pris.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland